

Bjørnejakt i Melum. Av Sigurd Haugan

Som eg skreiv i siste nr. av årsskriftet til Historielaget, fekk eg denne bjørnesoga av avlidne Hans Holmen: (Illustrasjon fra internett)



Det var umlag i 1900 at den til idag siste bjørnen vart skoten i Melum, og det gjekk soleis til: H. H. låg ved Langstulen og hogg. Ein måndag um våren han kom med nista og hadde borse med, fauk det ved Kroktjernene upp ein hjerpe. Hans såg etter denne, og fekk då sjå so rare spor i snøen. Han kikka på dei og kunde minnst at han såg merke etter lange klør. Då reiste han heim og tala med

Karl Veberg og Thomas Timland. Veberg sa: «Stell til niste, kjerring! Vi skal på bjørnejakt.»

Disse reiste so upp Smellen til Langstulen. Der fekk dei sjå att spori. Då kom Isak Iversen og Isak Persen og Kristen Steinhaug og vilde vera med. Ved Bjørndalane kom dei forbi bjørnen, og Hans postera i ei renne so han såg nedetter. Snart fekk han høyra bjørnen komme labbande der det var tett av småskog. Brått stoppa bjørnen og skar beint upp (lidi i søraust upp i fjellet. Ved Linnskorteia kom dei fyre bjørnen att, og H. fekk sjå snurten av han. Dei gjekk rundt Linnskorteia og postera att.

Karl Veberg postera ved Linnskorttjørn, og der kom bjørnen tilbake. Karl skaut, men bjørnen kom burt. Hans som hadde postera ovenfor, kom ned og saman fylgde dei spori. Bjørnen hadde sprunge kraftig nokre hundra d meter. Men so fekk Hans sjå bjørnen att. Han liksom stod med hovudet upp. «Der er bjørnen», sa Hans, og Karl skaut fleire skot. «Stop og skyt!» sa H. «Bjørnen er dau.»

Karl hadde då fenge bjørneskjelven. (Karl hadde fyrr skote bjørn, so det var ikkje første bjørnejakti. Karl hva kjem bjørneskjelven av tru") H. gjekk då burt til bjørnen. Han låg med hovudet på ein stubbe. Det var ein stor hanbjørn. Han var 3 alen frå nosi til «rompefippen». Då bjørnen vart flådd, visa det seg at kula hadde gjenge inn i svången og låg ved bogen på andre sida. Bjørnen var tung å bera, so dei laga skikjelke og drog han på den. Um kvelden var dei komme til Sandsæter og låg der. Derifrå for dei yver fjellet til Steinhaug og til Veberg, Der vart bjørnen støtta upp so den såg ut som den var levande. Det kom mange folk for å sjå.

Dr. Bacher var mykje interessert i bjørnejakt. Då H. kom på venterommet til legen, vart han ropa inn med same dr. Bacher såg han, endå venteromet var fullt. Legen tok tvo stolar og sa: «No må du endeleg fortelja akkurat som det hende då du skaut bjørnen» Og H. måtte fortelja, og dei på venterommet fekk venta. Fellen vart sel t til bundtmakar Johannesen for kr 65,- og i skotpenger fekk dei kr. 25,- av lensmann Jacobsen som sa: «Det er første skuddpremie for bjørn som jeg har utbetalt.